



---

## Notat

---

Til: Jarnfrid Gunnarson, Katarina Birkeland, Jon Askeland, Sveinung Kvamme, Rune Rydland

Kopi til:

Saksbehandler: Kultur- og sørvistorget/Bente Kopperdal Hervik

Vår referanse: 14/302 - 7 / FA - C03, HistSak - 12/676

Dato: 26.03.2014

---

### Emne: Referat frå møte i jubileumsnemnda 26. mars

Desse møtte: Jarnfrid Gunnarson, Katarina Birkeland, Jon Askeland og Bente K. Hervik. Sveinung Kvamme hadde meld avbud.

#### 1. Innkomne søknader

Museumssenteret i Hordaland søker om kr 5000 kroner i støtte. Det får dei innvilga. Det er ikkje komen nokon fleire søknader.

#### 2. Bilete av ordførarar

Det manglar bilete av ordførarane i Hordabø og Sæbø kommunar. Bente ser kva me har og kontaktar Olav Marås og Arne Villanger.

#### 3. Instagram

Bileta strøymer inn. Bente, Katarina og to ungdommar sit i juryen.

#### 4. Avslutningsarrangement

Me vil ha eit stor avslutningsarrangement i november eller desember. Alle må tenkja på kva me kan få til, så tar me det opp på neste møte. Bente sjekkar med Radøy sokn kva for planar dei har og om Radøyhallen er ledig.

#### 5. Ymse

- a. **Demokratiprojektet:** Svært vellukka. Katarina viste film.
- b. **Banner:** Ferdig og kulepennar kjem neste veke.
- c. **Film:** Me er i gang med arbeidet. Bente og Rune arbeider vidare.

Neste møte: ein onsdag kl. 9.00 i april. Bente kallar inn.